



■ møtereferat – samarbeids- og arbeidsmiljøutvalet for tannhelsetenesta

42856/2011

Tema:	Stad og tid:
Møtereferat SAMU-T 14.12.2011	Fylkeshuset, møterom 103

Til stades: Medlemmer		Varamedlemmer	
Anthony N. Valen	X	Morten Larsen	
Gunnar Eikrem	X	Bjørn Eggen	
Tone Nord	X		
Laila Aas Dyrøy		Grete Gussiås	X
Marianne S. Rudi	X	Sølvi Hansen	
Unni Tømmernes		Hege Myklebust Vartdal	X

Andre:
Richard Muller, rådgivar (sak 15/11)

Referent:	Neste møte:
Morten Larsen, 71 25 87 74	Ikkje fastsett

Sakslista vart godkjent.

Saksliste

Ref 9/2011 Stillingsvakansar, rekrutteringssituasjonen per september 2011

Rekrutteringssituasjonen for tannlegar er vesentleg betra. For å avhjelpe ein vanskeleg situasjon er det inngått avtale med Sunndal Vikarbyrå om eitt års innleige av 3 vikartannlegar, fordelt med 2 ved DTK Surnadal og 1 ved DTK Stranda. Det er få søkarar til ledige tannpleiarstillingar. Distriktsvis oversikt over ledige stillingar og plan for utlysning vart gjennomgått.

Ref 10/2011 Økonomiplan 2012-2015

Økonomiplan vedtatt i fylkestinget 12.-13.12. Nøkkeltal tannhelsesektoren:

- Rammeauke på 1,6 mill. kr.
- 0,285 mill. kr. husleiege ny DTK Eide
- 0,682 mill. kr. ny tannlege DTK Eide
- 0,65 mill. kr. ekstra kompetansemidlar
- Investeringsbudsjett i øk.planperioden: 20 mill. kr. (8 mill. utstyr, 12 mill. nye/opprusting av klinikkar)
- I 2013 ligg det inne eit siste trekk på 0,949 mill. kr i inndekning av underskott frå 2009. Ettersom dette trekket fell vekk frå 2014, er ramma høgda tilsvarande frå 2014.

Ref 11/2011 Etatsmøte 2012 – preliminært program

Programutkast for 11.9/12.9.12 vart presentert. Større vekt på organisasjonstema og –utfordringar. Fellessamling dag 1 og halve dag 2. Parallsesjonar (profesjonsrelatert) siste del dag 2. Arbeidstakarsida vart invitert til å gi innspel på aktuelle tema.

Ref 12/2011 Årsmelding 2011 (ny mal) og HMS-årsrapportering 2011

Ny årsmeldingsmal (prosadelen) vart kort gjennomgått. HMS-årsrapporten skal fyllast ut av overtannlegane på intranett.

Sak 15/2011

Medarbeidartilfredshetsundersøking – resultat og vidare framdrift

Rådgivar i personalseksjonen Richard Muller presenterte dei samla resultata frå MTM-undersøkinga for tannhelsesektoren. Det er gjennomgåande gode resultata for tannhelsesektoren. Den vidare prosessen legg vesentleg vekt på involvering og deltaking frå alle medarbeidarar i å identifisere bevarings- og forbetningsområde. 5 distriktsmøte er sett av til dette føremålet i januar og februar. Distriktsmøta vil fokusere på strategiske utfordringar (regional delplan) og organisatoriske og arbeidsmiljømessige utfordringar i den samanhengen. Det er eit mål å utarbeide distriktsvise handlingsplanar for oppfølging av MTM-undersøkinga i distriktsmøta

Samrøystes vedtak:

SAMU-T tar orienteringa om medarbeidartilfredsheitsundersøkinga til vitande.

Sak 16/2011

Sjukefråversutvikling i tannhelsesektoren, 2. og 3. kvartal 2011

Morten Larsen orienterte. Sjukefråveret er bekymringsfullt høgt. Fråversdata for dei siste 4-5 år vil no bli grundig analysert på distrikts-/klinikknivå for stillingsgrupper, alder og kjønn for å målrette den vidare innsatsen. SAMU-T vil få innsyn i dette materialet på første møte i 2012. Ein årsak til auken er at fråverstala for tannlegar har vore underrapportert for heile 2011 som følgje av feil rapportuttak frå personaldatasystemet.

Samrøystes vedtak:

SAMU-T tar orienteringa om sjukefråversutviklinga 2. og 3. kvartal 2011 til vitande.